

Årdal Kommune ingeniørkontoret ÅRDALSTANGEN	Dato	28.7.82	Sam.	Bof.

VURDERING AV SKREDFAREN FOR BUSTADFELT UTHAGEN SYD -
ÅRDALSTANGEN - ÅRDAL KOMMUNE.

Etter oppmodning frå Årdal kommune, teknisk etat, vart det 22.10.81 gjort synfaring ved toppen av Geisdalsvifta, Årdalstangen. Føremålet med synfaringa var å vurdere skredfaren for påtenkt utviding av eksisterande bustadfelt "Uthagen - Syd".

Frå kommunen møtte reg.ark. Jon Erdal.

GRUNNLAGSMATERIALE.

På bakgrunn av at det allereide er ført opp eit stort tal bustadhus på Geisdalsskredvifta, har ein etterlyst tidlegare undersøkingar med omsyn til skred- og flaumfare.

M.a. er prof. R. Selmer-Olsen ved Geol. Inst. NTH, Trondheim, av ÅSV nytta som konsulent ved løysing av ingeniørgeologiske problem ved verksutbygginga.

Etter det eg forstå, ligg det ikkje føre tilgjengelege skriftlege rapportar frå Selmer-Olsen. Tilrådingane frå Selmer-Olsen synest å vera gitt på staden og i ein munnleg form. I samband med synfaring i Årdal, (dato ukjent) har Selmer-Olsen rådd til at det vart bygd ein dreneringstunnel frå Geisdalen og ut til fjorden. Målsettinga var å hindra flaum og vassskred ned mot industrianlegget til ÅSV. Det synest derfor ikkje å vera omsynet til busetnaden på Geisdalsvifta som har vore utslagsgjevande.

GEISDALSVIFTA

Geisdalsvifta er bygd opp som ei skredvifte med tilførsel av materiale frå Geisdalen. Vifta er bygd opp av flaum og vassskred i tida etter at isen trakk seg attende.

Vesentleg del av vifta er bygd opp i tida like etter isavsmeltinga, då det var stor tilgang på vatn (smeltevatn) og då tilførsler av lausmasser (skredmateriale og morenejord) ned i Geisdalen var enorme.

I samband med flaum, er dette materialet spyla ut av Geisdalen og avsett nedetter vifta som etter kvart har bygd seg opp til dagens nivå.

Etter at det meste av lausmassane i Geisdalen er fjerna, vil elva i flaumperiodar ikkje innhalde så mykje transportert materiale. Elva får då ei større gravande evne. Elva frå Geisdalen har lagt seg inntil

sørvestlege flanke av vifta og gravd seg rett ned.

I dag finn ein derfor eit særskilt markert laup for Geisdalselva fram om vifta.

STABILITETSVURDERING

Det er i nyare tid meldt om flaum/flaumskred frå Geisdalen og ned mot anlegga til ASV på Årdalstangen. Det synest som om flaumlaupet i sørvestlege flanke er godt dimensjonert til å ta unna moglege flaum og flaumskred.


Langsmed austlege flanke av Geisdalsvifta har det danna seg ei mindre forsenkning. Dette er truleg eit tidlegare flaumlaup. I nedre halvdel av austflanken er det i samband med bustadreisinga, etablert ein vel 300 m lang flaumsikringsvoll. Vollen er også meint å vera ei sikring mot steinsprang frå fjellsida ovanfor.

Ved toppen av Geisdalsvifta/rotpunktet, ser det ut til å vera god styring av elva. To framstikkande fjellknausar er med på å dirigera elva inn i det vestlege laupet ned mot fjorden. I dette kritiske området er det såleis ikkje funne lausavsetningar som ein flaum kunne grava med seg eller som elva kunne grava seg gjennom for derved å ta eit nytt laup på skredvifta.

UTHAGEN - SYD

Ut frå dei observasjonar som er gjort, vil det med omsyn til flaumskredfaren vera mogleg å utvida bustadarealet på Geisdalsvifta noko. Eg vil likevel ikkje rå til at arealet ovanfor kote 125 vert nytta til bustadføreml. Vedlagde kartutsnitt i målestokk 1:5.000 viser i skravur den delen av Uthagen - syd som ikkje bør nyttast.

Med referanse til reguleringskart for Uthagen - syd, M=1:500, merka AL 25.5.78, nr. 7815, gjeld dette tomtene xx11-44 og xx 11-46.


Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE		PLAN OG UTBYGGINGSSJEFEN	
KOMMUNE: KRUM		RAPP.NR:	
SKRED FARE		BILAG 1	
UTHAAGEN - SYD		KARTBLAD	
OVER SYN		MÅLSTOKK	
GEISDALVIFTA		FELT. 22.10.81	
1:50 00		TEGN. 14.7.82	
RAPP. 22.12		RAPP. 14.7.82	

